



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 2/2017

Møtedato: 9.2.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Delegering av tilsettingar

Dagleg leiar er delegert midlertidige tilsettingar som ikkje er omfatta av tariffavtale mellom Naturviterne og Norges fjellstyresamband. Tilsetting av andre fast tilsette er det styret som skal gjera. Det er ei upraktisk ordning at heile styret skal vera med i ein tilsettingsprosess.

Fjellstyrt har tidlegare vedteke at lokale forhandlingar om lønns- og arbeidsvilkår skal gjerast av leiar og nestleiar. Tilsettingsprosessen av fast tilsette bør delegerast til eit tilsettingsutval. Det er naturleg at dette utvalet består av styreleiar og nestleiar, jf. tidlegare delegering av lokale forhandlingar. Når det er aktuelt å vurdere stillingsheimlar, er dette framleis ei styresak.

## Framlegg til vedtak:

Fjellstyret deleger til tilsettingsutvalet å gjera tilsettingar, unnateke er tilsettingar som er delegert til dagleg leiar. Utvalet består av styreleiar og nestleiar. Utvalet har også ansvar for lokale forhandlingar om lønns- og arbeidsvilkår.

## Vedtak:

Fjellstyret deleger til tilsettingsutvalet å gjera tilsettingar, unnateke er tilsettingar som er delegert til dagleg leiar. Utvalet består av styreleiar og nestleiar. Utvalet har også ansvar for lokale forhandlingar om lønns- og arbeidsvilkår.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.2.17

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: